

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		17/585

Saknr	Utval	Type	Dato
027/2017	Kommunestyret	PS	04.05.2017

### Søknad om tilskot og opptak i det nasjonale velferdsteknologiprogrammet 2017 -2020

#### Vedlegg:

##### Journalposttittel

Søknad om tilskot - sendt inn 24.03.17  
Prosjektbeskrivelse til søknaden 2017

##### Dato

04.05.2017  
04.05.2017

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune søker om tilskot og opptak i det nasjonale velferdsteknologiprogrammet 2017 -2020, i fellesskap med alle dei andre kommunane i Nordhordland. Masfjorden er vertskommune og ansvarleg søker for dette prosjektet

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Helsedirektoratet og Direktoratet for e-helse, i samarbeid med KS, leiar eit Nasjonalt Velferdsteknologiprogram (NVP) i samsvar med «Morgendagens Omsorg» (St. meld. nr 29 (2012 – 2013). Programmet skal sikre at velferdsteknologi blir ein integrert del av helse- og omsorgstenestene innan 2020. Dette programmet går frå 2017 – 2020 over i ein innføringsfast for tryggleiks- og meistringsteknologi, og inviterar difor kommunar med.

Bakgrunn for å søkje midlar til eit felles prosjekt er at mange av samarbeidskommunane ikkje har tilstrekkeleg ressursar, og kompetanse kvar for seg til å handtere og implementere velferdsteknologi på ein kvalitativ god måte. Gjennom eit samarbeid vil kommunane samle ressursane til felles løysingar, i staden for at alle kommunane arbeider med det same kvar for seg.

I helse- og omsorgstenestene i Masfjorden kommune er det eit mål at kommunen skal ta i bruk velferdsteknologiske løysingar, dette er heimla i kommunedelplan for helse, omsorg og sosial 2014 – 2026. I planen står det:

##### Velferdsteknologi / innovasjon

Det er behov for å utvikla fleire ulike velferdsteknologiske løysingar for å møta utfordringar og

*behov i framtida. Auka tryggleik gjer det mogeleg å bu heime lenger og stimulera til sosial og fysisk aktivitet. Vidareutvikling av tryggleiksalarm kan inkludere blant anna sjølvutløysande alarm, fallsensor, røykdetektor, elektronisk dørspennar, mobiltelefon og sporingsløysing (GPS).*

*Auka bruk av velferdsteknologi i helse- og omsorg kan blant anna bidra til å :*

- Forbetra brukarane sin mogelegheit til å meistra eigen kvardag.*
- Auka brukarane og pårørande sin tryggleik, og avlaste pårørande for bekymring.*

*Det er eit mål at Masfjorden kommune skat ta i bruk omsorgsteknologi i denne planperioden. Masfjorden kommune skal vere aktiv med å innhente kunnskap, og ta i bruk nye løysingar når det gjeld innovasjon og teknologi. Omsorgsteknologi er eit nytt fagområde som må prioriterast i høve kompetanseheving.*

#### **Vurdering**

For meir utfyllande informasjon om søknad om tilskot og opptak i velferdsteknologiprogrammet, sjå vedlegg.

#### **Konklusjon**

#### **Kommunestyret - 027/2017**

##### **KS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

##### **KS - vedtak:**

**Masfjorden kommune søker om tilskot og opptak i det nasjonale velferdsteknologiprogrammet 2017 -2020, i fellesskap med alle dei andre kommunane i Nordhordland. Masfjorden er vertskommune og ansvarleg søker for dette prosjektet**